



Også helselaget i Uskedalen er registrert for sponing via Norsk Tipping. Her er styret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sundag starta ordninga med Grasrotandelen i Norsk Tipping og det er viktig at også uskedalingane nyttar seg av denne , seier fleire som arbeider i lag og organisasjonar i bygda.**

Vilkåret er at dei lag som ein vil sponsa har registrert seg i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund og er godkjende som grasrotmottagarar. Ein rask gjennomgang fortel at to lag frå Uskedalen no er å finna i registeret - det er skulemusikken og helselaget.

At idrettslaget ikkje er med må skuldast at registreringa ikkje er heilt ajour, for leiinga av laget har tidlegare opplyst til uskedalen.no at dei har fått attendemelding om registreringa.

Grasrotandelen inneber at ein kan sponsa laget sitt kvar gong ein spelar. Ordninga omfattar alle spela frå Norsk Tipping med unntak av FLAX og EXTRA. Spelar du til dømes for 100 kroner, går inntil fem kroner til laget hvis du ynskjer det.

- Dette er ein fin måte å støtta lagslivet på. Nyttar vi oss ikkje av dette, vil pengane koma andre til gode, seier ein av leiarane i skulemusikken.

Og apropos andre: Frå Herøysund er både idrettslaget og bygdalaget registrert!

Av Ola Matti Mathisen